

---

# Årsmelding for Nasjonalmuseet 2013

---



---

# Innhald

1	Forord frå styreleiaren	1
2	Forord frå direktøren	2
3	Munch 150	3
4	Utstillingar	6
5	Formidling	22
6	Bibliotek og arkivsamlingar	25
7	Samlingane	26
8	Forsking og utvikling	32
9	Kommunikasjon	33
10	Forretningsdrift	35
11	Organisasjon	37
12	Bygningar og tryggleik	38
13	Støttespelarane til Nasjonalmuseet	39
14	Det nye Nasjonalmuseet	40
15	Årsmelding frå styret	42
16	Årsrekneskap	47
17	ABC-analyse og aktivitetsregnskap	56
18	English summary	57

---

## 1 Forord frå styreleiaren



2013 – eit fantastisk år

2013 var eit historisk viktig år for Nasjonalmuseet. I tillegg til Munch-jubileet, ei markering av internasjonalt format, fatta Stortinget på forsommaren vedtak om bygging av eit nytt nasjonalmuseum på Vestbanetomta. Vi i styret gler oss over desse storhendingane og ønskjer å takke alle dei som har gjort dette mogleg, ikkje minst medarbeidarane ved museet.

Saman med dei tilsette i museet vil styret arbeide vidare for å sikre ei trygg utvikling for denne viktige institusjonen.

Vi gler oss til framhaldet!

Svein Aaser

---

## 2 Forord frå direktøren

Nasjonalmuseet kan sjå tilbake på 2013 som eit svært vellykka år, der feiringa av Edvard Munchs 150-årsjubileum stod heilt sentralt. Utstillinga «Munch 150» i Nasjonalgalleriet og Munch-museet oversteig alle forventningar. Den vart både ein kritikarsuksess og den best besøkte utstillinga i Noreg nokon gong, med eit publikum på nærare 500 000.

Jubileet vart vellykka takka vere eit godt samarbeid med Munch-museet, fleire private og offentlege støttespelarar, stor innsats frå eigne medarbeidarar, ei rekke arrangement i inn- og utland i regi av eller i samarbeid med Munch 150, og uavhengige arrangement knytt til jubileet. Eg vil nytte høvet til å rette ein stor takk til alle som har vore med på å gjere Munch-jubileet til den suksessen det vart.

Sjølv om ein stor del av museet sine ressursar var retta mot Munch-markeringa, vart det òg gjennomført mange andre utstillingar av høg kvalitet, og det vart gjort eit solid arbeid innan samlingsrevisjon, formidling, forskning og digitalisering. Rundt 11 millionar kroner vart brukt til innkjøp av kunst. Eit nytt høgdepunkt i samarbeidet med Sparebankstiftelsen DNB var innkjøpet av Emil Noldes maleri *På Nattcafé* frå 1911.

Stortingsvedtaket 6. juni om eit nytt nasjonalmuseum på Vestbanen var òg ein viktig milepåle i 2013. Med dette vedtaket går prosjektet inn i ein klar og målretta gjennomføringsfase, på bakgrunn av eit grundig gjennomarbeidd forprosjekt og ein solid brukarmedverknad frå Nasjonalmuseet. Den vidare deltakinga i byggeprosjektet og førebuingane til innflytting i det nye bygget vil prege verksemda vår på mange plan fram til ferdigstillinga i 2019.

Takk til alle tilsette for innsatsen i 2013, som heilt sikkert vil bli ståande som eit merkeår i Nasjonalmuseet si historie.

  
Audun Eckhoff



### 3 Munch 150

150-årsdagen for Edvard Munchs fødsel vart feira i 2013. Jubileumsprosjektet vart oppretta i 2010, som eit samarbeid mellom Nasjonalmuseet og Munch-museet. Målet var å auke kunnskapen om og vekke interesse og begeistring for Munchs kunst nasjonalt og internasjonalt. Dette skulle skje gjennom å gi eit breitt publikumstilbod godt tilrettelagt for barn og unge, styrke fagleg kompetanse, stimulere til ny forskning, og ikkje minst ved å skape engasjement for kunstnaren i eit langsiktig perspektiv.

Jubileumsåret opna i Oslo rådhus 23. januar, på dødsdagen til Munch, og vart avslutta på fødselsdagen hans 12. desember i Terningen Arena på Elverum, nær kunstnaren sin fødestad Løten.

Høgdepunktet i feiringa var jubileumsutstillinga «Munch 150», som vart vist i Nasjonalgalleriet og Munch-museet frå 2. juni til 13. oktober. Målet for utstillinga var å gi ei samla og overordna framstilling av Edvard Munchs kunstnarskap. Tidsrommet 1882–1903 vart vist i Nasjonalgalleriet, mens åra 1904–44 vart presentert i Munch-museet. Utstillinga sette besøksrekord i begge musea med i alt 484 325 besøk, av dette 338 542 i Nasjonalgalleriet. Det gjer truleg «Munch 150» til Noregs best besøkte utstilling nokon gong.

Ein omfattande katalog følgde med jubileumsutstillinga. I tillegg vart det gitt ut ei bok for barn og unge, «Møt Edvard Munch». Begge utgivingane kom på fem språk. Parallelt med utstillinga vart vinteratelieret på Ekely og utsmykingane i Universitetets Aula og Freiasalen gjort tilgjengeleg for publikum, med til saman 26 000 besøkande.

Vandretstillinga «Munch i koffert» var innom sju museum, frå Svalbard i nord til Fredrikstad i sør. Her vart eit av kunstnaren sine hovudverk vist i ei spesialbygd kasse, som fungerte både som transport-, klima-, tryggleiks- og visningseining. Utstillinga hadde 13 000 besøkande og vart følgd av «Få øye på Munch», ein digital verkstad for barn og unge. Ein annan verkstad har turnert gjennom Den kulturelle skulesekken. Nær 5 000 elevar over heile landet har fått oppleve «Få øye på Munch» i løpet av året.

#### Besøkstal for utstillinga «Munch 150»


Totalt tal på besøkande:

484 325

Besøkande i Nasjonalgalleriet:

338 542

Besøk i Nasjonalgalleriet under utstillinga «Munch 150» fordelt ut ifrå geografisk tilhørslse:



- Noreg (50%)
- Europa (19%)
- Asia (7%)
- USA (5%)
- Andre land (19%)

Øvst:  
Opninga av Munch-jubileet i Oslo rådhus  
23. januar 2013. H.M. Kong Harald var  
høgasteverje for jubileet.



Nedst:  
Busselskapet H.M.K. markerte Munch-  
jubileet ved å dekorerte bussane sine med  
*Skrik*.



I samarbeid med Universitetet i Oslo vart det arrangert tre internasjonale forskingskonferansar. Konferansane hadde forskjellige tema: Munch og modernisme, Munch og grafikk, og utfordringar rundt bevaring av kunsten til Munch. Til saman hadde dei 350 deltakarar.

Dokumentarfilmen *Let the scream be heard* vart produsert i samarbeid med Nordic Stories, med Dheeraj Akolkar som regissør. Filmen er vist på fleire festivalar, hadde 215 000 sjåarar då den vart sendt på NRK, og vil ha internasjonal distribusjon. Seventh Arts film om jubileumsutstillinga, *Exhibition On Screen: Munch 150*, vart vist på 1 050 kinoar samtidig i 30 land.

Feiringa av jubileet har vore landsomfattande, med ei rekke utstillingar og kulturaktivitetar. Åtte kommunar med særleg tilknytning til kunstnaren har vore spesielt aktive. Desse er Løten, Oslo, Horten, Kragerø, Moss, Vestby, Fredrikstad og Vågå.

Også internasjonalt har det vore stor interesse for jubileet. I alt er det registrert rundt 20 utstillingar og ei rekke jubileumsmarkeringar utanfor Noreg, blant anna i New York, Stockholm, Zürich, Paris, Venezia, Ankara og Tokyo.


Nettstaden [munch150.no](http://munch150.no) vart publisert på åtte språk, og har i alt hatt 340 000 unike sidevisningar. Presseomtalen har vore omfattande både nasjonalt og internasjonalt. Det er registrert meir enn 8 000 oppslag om jubileet, og over 30 000 oppslag om Edvard Munch. Engasjementet i sosiale medium har vore stort, med nærare 8 000 følgjarar på Facebook og nærare 2 000 på Instagram.

I tillegg til ekstraordinære beviljingar til jubileet frå Kulturdepartementet og Oslo kommune, kom det økonomiske bidrag frå Utanriksdepartementet og Sparebankstiftelsen DNB, og det vart gjort avtalar om sponsorsamarbeid med Statkraft, Idemitsu Petroleum Norge, OSL Gardermoen, Flytoget, FotoPhono og Interface. Samarbeidsavtalar vart også inngått med Universitetet i Oslo, Mondelez (Freiasalen), Forsvaret, Nordic Stories, Seventh Art, HMK og VisitOSLO.

Øvst:  
Sommernattrommet i utstillinga «Munch  
150» i Nasjonalgalleriet.

Nedst til venstre:  
«Munch i koffert», ei spesialbygd, koffert-  
liknande kasse med det verdsberømte  
verket *Selvporett med sigarett*.  
Kofferten reiste landet rundt frå Svalbard  
i nord til Fredrikstad i sør, før han kom  
tilbake til Nasjonalgalleriet.

Nedst til høgre:  
Omvising for barn i jubileumsutstillinga  
i Nasjonalgalleriet.



## 4 Utstillinger


Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design tar vare på den norske kulturarven og inviterer til utfordrende møte med kunst, arkitektur og design.

Museet har eit omfangsrikt utstillingsprogram som også inkluderer vandreutstillinger i inn- og utland. I museumsbygningane i Oslo – Nasjonalgalleriet,


Museet for samtidskunst, Nasjonalmuseet – Arkitektur og Kunstindustrimuseet – vert det vist faste utstillinger med verk frå samlingane og nye skiftande utstillinger.

I 2013 vart 23 utstillingar viste i visningsstadene i Oslo, og 25 utstillingar turnerte gjennom museets landsdekkande program.


### Besøktal i Oslo 2009–13




Totalt:  
**564 619**




Totalt:  
**513 090**



Totalt:  
**544 370**



Totalt:  
**573 501**



Totalt:  
**568 657**

- Nasjonalgalleriet
- Museet for samtidskunst
- Kunstindustrimuseet
- Nasjonalmuseet – Arkitektur
- Kunsthallen på Tullinløkka

---

## Utstillingsprogram i Oslo 2013

### Nasjonalgalleriet

Åpning mot det hellige  
Gylne glimt fra Nederlandenes renessanse  
22. februar–12. mai 2013

Livets dans  
Samlingen fra antikken til 1950  
Til 31. mars 2013, Gjenopna 30. november 2013

Munch 150  
2. juni–13. oktober 2013

Høydepunkter fra samlingen  
13. juni–13. oktober 2013

### Prosjektrommet

Skrik under lupen  
21. februar–31. mars 2013  
1. april 2013–12. januar 2014 (i 1. etasje)

Løype!  
På sporet av en identitet  
30. november 2013–11. mars 2014

### Museet for samtidskunst

PARADOKS  
Posisjoner innen norsk videokunst 1980–2010  
15. februar–18. august 2013

Ida Ekblad  
26. april–15. september 2013

KjARTan Slettemark  
Kunsten å være kunst  
13. september 2013–23. februar 2014

Inside Outside Architecture  
18. oktober 2013–26. januar 2014

### Nasjonalmuseet – Arkitektur

Under 40  
Ung norsk arkitektur  
3. mai–22. september 2013

Far-out Voices  
Oslo arkitekturtriennale 2013  
22. september 2013–2. mars 2014

Louis Kahn  
The power of architecture  
18. oktober 2013–26. januar 2014

### Utstillinger i Hvelvet

Den amerikanske ambassaden i Oslo  
Karl Teigens fotografier  
15. februar–16. juni 2013

Picasso – Oslo  
Kunst og arkitektur i Regjeringskvartalet  
20. juni–6. oktober 2013

### Kunstindustrimuseet

From the Coolest Corner. Nordiske smykker  
20. januar–21. april 2013

Dysthe Design. Swinging 60  
5. mai–25. august 2013

Horisont. Landskap, keramikk og trykkdekor  
14. juni 2013–27. april 2014

Kunsthåndverk 2013  
22. september–15. desember 2013

Permanente utstillinger

---

# Eldre og moderne kunst

Året begynte med ei prislønt utstilling om nederlandsk renessansemaleri og vart avslutta med ein samlingspresentasjon i ny drakt. Høgdepunktet i Nasjonalgalleriet sitt program var første del av den ambisiøse utstillinga «Munch 150», som viste Edvard Munchs verk frå dei første maleria hans og fram til 1903. (Perioden 1904–44 vart vist i Munch-museet.) Parallelt med Munch-utstillinga vart eit konsentrert utval frå den permanente samlinga vist i utstillinga «Høydepunkter fra samlingen». Museet viste også dei to mindre utstillingane «Skrik under lupen» og «Løype! På sporet av en identitet».

«Åpning mot det hellige. Gylne glimt fra Nederlandenes renessanse» (22.2.–12.5.2013) presenterte for første gong for eit norsk publikum eit eksklusivt utval 1400- og 1500-talsmaleri frå Nederlanda. Dei fleste verka var innlånt frå den unike samlinga i Det kongelige museum for skjønne kunster i Antwerpen, i tillegg vart det vist verk frå samlinga til Nasjonalmuseet. Eit av hovudverka var Jan van Eycks berømte maleri *Madonna ved fontenen* (1439). Utstillinga viste hovudsakleg maleri med motiv frå bibelhistoria og helgenlegendene, men òg nokre individuelle portrett. Den internasjonale suksessen denne kunsten fekk må sjåast i samheng med dei religiøse kjenslene og behova i tida. Ein annan viktig faktor var dei politiske, økonomiske og kulturelle tilhøva i Nederlanda under blomstringstida til hertugdømmet Burgund på 1400-talet.

Utstillinga «Munch 150» (2.6.–13.10.2013) var hovudsatsinga i feiringa av 150-årsjubileet for Edvard Munchs fødsel. Nasjonalmuseet og Munch-museet produserte utstillinga i fellesskap, og det er den mest ambisiøse presentasjonen av Munchs kunstnarskap nokon gong. Med 220 av dei viktigaste maleria og 50 sentrale verk på papir, vart det ei unik utstilling som resulterte i 484 325 besøkande til dei to musea. Eit av høgdepunkta i Nasjonalgalleriet var den nesten komplette rekonstruksjonen av Munchs bildeserie *Livsfrisen* (1902). Ambisjonen for utstillinga har vore å motivere publikum til å oppdage Munch som ein kontinuerleg eksperimenterande, nyska-

pande og aktuell kunstnar. Utstillinga vart supplert med prosjektrumstillinga «Skrik under lupen» (21.2.2013–12.1.2014) som fokuserte på teknikk og materiale i kunstnarens mest kjente maleri frå 1893.

«Livets dans. Samlingen fra antikken til 1950-tallet» (gjenopna 30.11.2013) er den metaforiske tittelen på den permanente samlingspresentasjonen i Nasjonalgalleriets andre etasje. Presentasjonen er kronologisk ordna og viser eit utval av meir enn 300 maleri, skulpturar og verk på papir frå samlinga. I nymonteringa vart alle utstillingsromma utstyrte med nye veggtekstar og etikettar, og trekt med tekstilar i fire fargar knytt til dei fire hovudkapitla: «Fra antikk til barokk», «Romantikken», «Fra impresjonismen til Munch» og «Fra modernismen til 1950-tallet». Hovudvekta ligg på norsk maleri frå 1800- og 1900-talet, med tyngdepunkt som Dahl, Krohg og Munch. Utstillinga viser norsk kunst i dialog med dansk, fransk og tysk kunst.

---

Øvst:  
Frå utstillinga «Åpning mot det hellige.  
Gylneglimt fra Nederlandenes renessanse».

Nedst:  
Frå utstillinga «Livets dans. Samlingen fra  
antikken til 1950-tallet».



---

# Samtidskunst

Utstillingsprogrammet omfatta fire eigenproduserte utstillingar. Først ut var ei storskalautstilling som viste norsk videokunst. Etter denne følgde den første separatutstillinga til den unge kunstnaren Ida Ekblad. På hausten viste museet ei stor retrospektiv utstilling om Kjartan Slettemarks kunst. Året vart avslutta med ei utstilling som undersøkte korleis samtidskunsten stiller seg til arkitektur og kva rolle kunsten spelar i arkitekturen.

Den forskingsbaserte storskalautstillinga «PARADOKS. Posisjoner innen norsk videokunst 1980–2010» (15.2.–18.8.2013) viste hovudsakleg verk frå Nasjonal-museets samling med kunstnarar som Kjell Bjørgeengen, A K Dolven, Unn Fahlstrøm, Matias Faldbakken, Bodil Furu, Marit Følstad, Mai Hofstad Gunnes, Marianne Heske, Lotte Konow Lund, Per Maning, Ole Jørgen Ness og Jeremy Welsh. Videoverka spente frå tematiske grupperingar til sentrale berøringspunkt mellom den teknologiske og kunsthistoriske utviklinga.

«Ida Ekblad» (26.4.–15.9.2013) vart presentert gjennom si første og mest omfattande separatutstilling i eit museum. Utstillinga var ein del av Nasjonalmuseets serie med presentasjonar av yngre norske samtidskunstnarar. Ekblad brukte museet som atelier og skapte meir enn tretti nye verk. Kunstnaren arbeider prosessorientert, parallelt og uhierarkisk med forskjellige medium som maleri, skulptur, installasjon, og diktning. Ho lét seg inspirere av forskjellige retningar frå kunsthistoria, som CoBrA, situasjonisme og abstrakt ekspresjonisme. Ekblad spelar på uttrykksformer frå populærkulturen og ulike subkulturar, deriblant ikkje-visuelle kulturfelt som litteratur og musikk. Utstillinga var eit samarbeid med Kunstmuseum Luzern og De Vleeshal i Middelburg.

Høgdepunktet denne hausten var «KjARTan Slettemark. Kunsten å være kunst» (13.9.2013–23.2.2014), den første altomfattande retrospektive utstillinga sidan Slettemark døydde i 2008. I meir enn 50 år var han ei aktiv og drivande kraft på den nordiske kunstscena. Dette er den første større utstillinga av

verka hans som har vore vist i Oslo etter det offisielle gjennombrotet hans på Kunstnernes Hus i 1982. Slettemark er ein av Nordens mest kjente, elska og utskjelte kunstnarar. Han var ein pioner på mange område, og ein av dei første som arbeidde med performance og aktivistisk kunst i Norden. For han var kunsten det aller viktigaste, og heile livet proklamerte han kunstens og kunstnarens rett til ytringsfridom.

Seinare på hausten vart utstillinga «Inside Outside Architecture» (18.10.2013–26.1.2014) presentert. Den undersøkte korleis samtidskunsten stiller seg til arkitektur og kva rolle kunsten spelar i arkitekturen. Øystein Aasans laga den spektakulære installasjonen *Display Unit “wow and flutter”*, der opplevinga av rommet endra seg etter kvart som ein flytta seg rundt. Vibeke Slyngstad presenterte maleri av kjente funksjonalistiske perler som Barcelona-paviljongen og Villa Stenersen. Andre kunstnarar som var med i utstillinga var Thomas Florschuetz, Marte Johnsen, Olaf Holzappel, Ola Kolehmainen, Ingrid Lønningdal og David Maljkovi. Utstillinga var ein dialog med del 1 av utstillinga «Louis Kahn. The Power of Architecture», som vart vist i Nasjonalmuseet – Arkitektur.

Øvst:  
Frå utstillinga «KjARTan Slettemark.  
Kunsten å være kunst».

Nedst til venstre:  
Kunstnaren Ida Ekblad under installasjonen  
av Ekblad-utstillinga.

Nedst til høgre:  
Frå utstillinga «PARADOKS. Posisjoner  
innen norsk videokunst 1980–2010».



---

# Arkitektur

Nye kostar i norsk arkitektur, bærekraftrefleksjonar, eviggjeldige kvalitetar og samfunnsaktualitet seier noko om innhaldet i dei fem nye utstillingane som vart presenterte i Nasjonalmuseet – Arkitektur i 2013.

«Under 40. Ung norsk arkitektur 2013» (3.5.–22.9.2013) viste elleve utvalde praksisar med partnarar under 40 år. Alle kontora manifesterte eigne prosjekt i kvart sitt «hus». To av kontora bygde i tillegg i målestokk 1:1. Publikum kunne bevege seg rundt og inne i *Kroppstrom* frå Atelier Oslo, ei myk finerform som utfordra Sverre Fehns glaspaviljong. I ei tid der regelverk og økonomi i byggesektoren fører til stadig fleire standardar, fungerte fullskalamodelen som eit verktøy for å undersøke forholdet mellom kroppens omfang, rørslar og arkitektoniske løysingar. Huus og Heims arkitekturinstallasjon *Hus for et utvalg norske fugler* peiker på samanhengen mellom det at barn brukar naturen stadig mindre og det at talet på sårbare fuglearter aukar.

«Far-out Voices» (22.9.2013–2.3.2014) var Nasjonalmuseet sitt utstillingsbidrag til Oslo arkitekturtriennales hovudutstilling «Bak den grønne døren: Arkitektur og drømmen om bærekraft». Utstillinga gjennomførte ei kritisk undersøking av bærekraftomgrepet. Video-intervju, gjer det sjølv-manualar, fotodokumentasjon, arkivmateriale og tidstypiske gjenstandar gav innblikk i opphavet til det vi i dag kallar grøn design. Produkta og metodane til pionerane frå 1960- og 70-åra, inspirerte dei besøkande til å reflektere over korleis ideane om bærekraft, idear med røter i motkulturrørsla, i stadig større grad vert innlemma i dagens anerkjente retorikk. Utstillinga vart kuratert i samarbeid med Caroline Maniaque-Benton.

«Louis Kahn. The Power of Architecture» (18.10.2013–26.1.2014) stod både i Nasjonalmuseet – Arkitektur og i Museet for samtidskunst. Dette var den første omfattande retrospektive utstillinga over den amerikanske arkitekten på 20 år. Originale modellar, teikningar og skisser, fotografi og film i tillegg til nybygde modellar, verifiserte Kahn som ein av dei mest sentrale arkitek-

tane i det 20. hundreåret. Forståinga han hadde for materialitet og lys resulterte i tidlause verk som stadig inspirerer nye generasjonar, og som utgjør relevante bidrag til dagens diskusjonar om arkitektonisk kvalitet og bærekraft. Utstillinga var produsert av Vitra Design Museum, The Architectural Archives ved University of Pennsylvania, og NAI, del av Nieuwe Instituut.

To mindre utstillingar bidrog til det offentlege ordskiftet om den vidare skjebnen til to av hovudstaden sine kulturminne. «Den amerikanske ambassaden i Oslo. Karl Teigens fotografier» (15.2.–16.6.2013) stilte ut arkitekturfotografen Karl Teigens papirpositiv frå arkitektursamlingane til museet, med motiv frå Eero Saarinen's ambassadebygning (1959). Ambassaden står no på flyttefot. «Picasso – Oslo. Kunst og arkitektur i Regjeringskvartalet» (20.6.–6.10.2013) tok stilling i den høgaktuelle debatten om riving eller bevaring av Erling Viksjøs arkitektur. Utstillinga minnte publikum og politikarar om dei sterke arkitektoniske og kunstnariske kvalitetane i Regjeringskvartalet, og var eit samarbeid med Riksantikvaren og Karin Hellandsjø.

Øvst:  
Huus og Heim Arkitekturs installasjon  
*Hus for et utvalg norske fugler* og Atelier  
Oslos *Kroppform* i utstillinga «Under 40.  
Ung norsk arkitektur».

Nedst til venstre:  
Frå utstillinga «Far-out Voices».

Nedst til høgre:  
Frå utstillinga «Louis Kahn. The Power  
of Architecture».



---

# Design og kunsthåndverk

Kunstindustrimuseet sitt utstillingsprogram famna eit breitt materiale frå det historiske til det samtidige innanfor design og kunsthåndverk. Året opna med ein presentasjon av nordiske og baltiske samtidssmykke. Den vart etterfølgt av ei utstilling som summerte opp designpioneren Sven Ivar Dysthes seksti år lange virke. På hausten opna den faste visninga av den juryerte årsutstillinga til norske kunsthåndverkarar. Året vart avslutta med ei utstilling som tok for seg servise-dekormotiv på 1800- og 1900-tallet i Europa, og innverknaden dette har i dag.

Den juryerte vandrestillinga «From the Coolest Corner. Nordiske smykker» (20.1.–21.4.2013) presenterte 156 grenseoverskridande samtidssmykke frå 60 nordiske og baltiske smykkekunstnarar. Hovudfokus var smykke som kunstform – ein variert, frodig og utfordrande smykketradisjon. Ein internasjonal jury hadde valt ut verka i utstillinga. I samband med utstillinga vart det arrangert liknande smykkeutstillingar i 13 galleri i Oslo samt symposium, foredrag, workshops og mangfaldige visuelle markeringar i byrommet. Utstillinga var eit samarbeid med Kunsthøgskolen i Oslo, Norske Kunsthåndverkere og designmusea i Norden, og fekk stønad frå Nordisk Kulturfond, Kulturrådet og Kulturkontakt Nord.

«Dysthe Design. Swinging 60» (5.5.–25.8.2013) viste designhøgdepunkt frå den seksti år lange karrieren til Sven Ivar Dysthe, med fokus på møblar, lamper og innreiingar, i tillegg til skibindingar og industrideign. Utstillinga viste òg fleire av Dysthes stolar som dei siste åra har vore lanserte på nytt: *Planet*, *Popcorn*, *Prisma* og *Laminette*. Sistnemnde er ein av Noregs mest brukte i offentlege miljø. Utstillinga fekk stønad frå Stiftelsen Scheibler.

«Kunsthåndverk 2013» (22.9.–15.12.2013), den juryerte årsutstillinga til Norske Kunsthåndverkere, presenterte 73 nye arbeid av norske kunsthåndverkarar. Utstillinga viste eit stort spenn i form og innhald for glas, tekstilar, metall, keramikk, tre og lær, og reflekterte noko av det

store mangfaldet som eksisterer innanfor fagfeltet i dag. Utstillinga var eit samarbeid med Norske Kunsthåndverkere.

«Horisont. Landskap, keramikk og trykkdekor» (14.6.2013–27.4.2014) tok for seg korleis det blåkvite landskapsbildet i servisedekoren på 1800- og 1900-talet i Europa har vorte popularisert, og korleis dette historiske materialet inspirerer kunsthåndverkarar i dag. Utstillinga, som var av noko mindre format, var eit møte mellom det eldre og det samtidige, det nasjonale og det internasjonale. Utstillinga var eit samarbeid med Paul Scott, professor II ved Kunsthøgskolen i Oslo.

---

Øvst:  
Frå utstillinga «Dysthe Design. Swinging  
60».

Nedst til venstre:  
Frå opninga av utstillinga «Kunsthåndverk  
2013».

Nedst til høgre:  
Frå utstillinga «From the Coolest Corner.  
Nordiske smykker».



---

# Landsdekkande program

«Munch i koffert» og «Den lengste reisen (1940–45)» var dei best besøkte utstillingane blant Nasjonalmuseets vandreutstillingar innanlands i 2013. Den første var eit unikt pionerprosjekt, som med stønad frå Sparebankstiftelsen DNB og Forsvaret førte Edvard Munchs *Selvportrett med sigarett* (1895) på ein landsomfattande turné. Turneen var innleiing til, og del av, den store «Munch150»-jubileumsutstillinga i Oslo. Den andre var ein del av *Den kongelige reise*, regjeringa si gåve til kongeparet i 2012, og handlar om kongefamilien sitt lange, ufrivillige utanlandsopphald.

Nasjonalmuseet har i 2013 styrka kompetansedelinga innanfor museet sitt nettverk for produksjon og formidling av visuell kunst. I tillegg til omfattande opplæring av formidlarar til vandreutstillingane, har museet medverka på regionale seminar og kurs, og halde to nasjonale seminar. Det eine knytt til formidling av videokunst, det andre var det store formidlingsseminaret *Kun(st) for eliten?*.

Museet har i løpet av året innleidd samarbeid med det nyoppretta nettverket Landsforeningen Kunstsentrene i Norge. I tillegg har museet vidareført samarbeidet med alle nasjonale aktørar innan Den kulturelle skulesekken (DKS), Norske Kunstforeningar, Norsk kulturhusnettverk (NKN), Transnational Arts Production (TrAP), Se kunst i Nord-Norge (SKINN) og Norsk kulturskoleråd. Museet administrerer òg det nasjonale museumsnettverket for kunst- og kunstindustrimuseum. I 2013 vart det halde to nettverksmøte.

## Nye utstillingar på turné i 2013

«Byplansjefene» (turnéstart 9.9.2013) lar barn leike med eit enkelt og pedagogisk byggesett som får dei til å reflektere rundt dei bygde omgivnadane våre. Kva er ein god by? Kvifor ser byane ut slik som dei gjer? Korleis burde dei ha vore? Utstillinga gir elevane ei større kulturell, samfunnsmessig og formal forståing av dei bygde omgivnadane våre.

«Det nye lyset. Daniel Rybakken» (turnéstart 21.3.2013) viser ei rekke lysarbeid av Daniel Rybakken. Sidan Thomas Edison fann opp glødelampa, har berømte designarar jobba med korleis ein skal få lyset til å falle vakkert i eit interiør. Rybakken føyer seg godt inn i denne tradisjonen, men gjer meir med lyset enn nokon trudde var mogleg. Han arbeider med unike og elegante alternativ som vi tidlegare ikkje har sett.

«Lyden av kunst» (turnéstart 9.9.2013) viser verk i kryssingspunktet mellom musikk og visuell kunst. Utstillinga presenterer video, skulptur, fotografi og dokumentasjon av performance. I tillegg kan publikum utøve egne kreative idear gjennom å lage sitt eige klagekor. Utstillinga fokuserer på den yngre generasjonen europeiske kunstnarar, og viser korleis musikk og visuell kunst kan knytast saman i eit unikt kunstnarisk språk.

## Utstillinger i Landsdekkende program 2013

### Galleriutstillinger

	<u>Besøk</u>	<u>Stopp</u>	<u>Omvisingar</u>
Munch i koffert	12 170	6	99
Arne & Carlos. Eit ferdaminne	9 377	9	175
Eventyrlig. Gamle fortellinger i ny drakt	10 794	8	86
SPOR. Norsk arkitektur 2005–2010	9 258	5	94
Ketchup og blod. Videoperformancar av Paul McCarthy	1 583	3	29
Den lengste reisen (1940–45)	33 014	6	70
Eg er det tilfeldige sin plan og meitemarken si reise.	1 882	3	36
Det nye lyset. Daniel Rybakken	1 636	3	109
Lyden av kunst	564	1	14
<b>Totalt</b>	<b>80 278</b>	<b>44</b>	<b>712</b>

### Skuleutstillinger

	<u>Besøk</u>	<u>Stopp</u>	<u>Omvisingar</u>
Arkitektens valg	2 631	31	57
Bending Water	2 369	41	103
Broer	6 635	64	303
Den tredje dimensjon	373	10	14
Eventyrskatten	6 011	63	255
Få øye på Munch	2 447	17	96
Konge uten krone	1 445	31	60
Kryp, køntri og spaceinvaders	2 315	58	171
Laget i verden	7 827	89	316
Muorrajurdagat	5 719	71	225
Ukens kunstverk	6 000	8	0
Utopi og fantasi	4 066	22	137
Vi er de andre	1 920	14	71
Byplansjefene	529	2	32
Snøkult	201	4	6
Multipler	867	6	22
<b>Totalt</b>	<b>51 355</b>	<b>531</b>	<b>1 868</b>

---

Øvst og nedst til venstre:  
Frå utstillinga «Det nye lyset. Daniel  
Rybakken» i Vest-Telemark Museum i  
Eidsborg, Telemark.

Nedst til høgre:  
Frå utstillinga «Eg er det tilfeldige sin  
plan og meitemarken si reise. Kurt  
Johannessen» i Porsgrunn kunstforening,  
Telemark.



## Den kongelige reise. Reisa held fram ...

Utstillingsprosjektet *Den kongelige reise* består av seks utstillinger basert på dei kongelege samlingane, og var regjeringa si gåve til kongeparets 75-årsdagar i 2012.

Nasjonalmuseet har prosjektansvaret for *Den kongelige reise*, men gjennomføringa av utstillingane har delvis lege til andre utstillingsstader i samarbeid med Det kongelige slott og Nasjonalmuseet.

I 2013 vart to nye prosjekt ferdigstilt: «Sølvbryllupsgaven 1882» og «Fra Berliner til Buick». Her vart sentrale verk i sølvbryllupsgåva til kong Oscar II og dronning Sophie frå 1882 presenterte på Nordnorsk Kunstmuseum, mens Trondheim kunne vise kongelege køyretøy frå perioden 1905–45. Ei mindre utgåve av utstillinga vart vidareført av Jærmuseet/Vitengarden på Nærbø.

I 2013 vart følgende utstillingar vist:

«Sølvbryllupsgaven 1882» Den norske folkegaven til kong Oscar II og dronning Sophie  
Nordnorsk Kunstmuseum, Tromsø. 4.2.-1.9.2013  
Besøktal: 17 062, av dette 1 016 barn og unge

«Fra Berliner til Buick. Kongelige kjøretøyer 1905–45»  
Kulturbunker Dora (Museene i Sør-Trøndelag),  
Trondheim. 3.6.-29.9.2013  
Besøktal: 3 510

«Kongelige kjøretøyer 1905–45. Fra Berliner til Buick»  
Vitengarden, Jærmuseet, Nærbø. 7.11.2013–30.3.2014  
Besøktal: 5 888, av dette 3 157 barn og unge

«Den lengste reisen (1940–45)»  
Vandretstilling til 11 stader i Norge. Seks stader vart besøkt i 2013. Samla besøktal: 33 014, av dette 5 867 barn og unge

## «Konge uten krone»

Vandretstilling og workshop for Den kulturelle skulesekken. 31 stopp i 2013, i Finnmark, Troms og Møre og Romsdal. Samla besøktal: 1 445, av dette 1 385 barn og unge

Samla besøktal for Den kongelige reise i 2013: 60 919, av dette 11 425 barn og unge.



# Arkitekturutstillingar i utlandet

Den internasjonale kontaktflata på arkitekturfeltet vert frå norsk side utvikla gjennom arkitekturmuseumsnettverket ICAM og arkitektur- og designnettverket MUSCON, i tillegg til inn- og utlån av samlingsverk og ulike formar for samarbeid med museum, arkitektursenter, universitet, enkeltpersonar og arkitekturhendingar.

Vandreutstillingane «Contemporary Norwegian Architecture # 7» og «SNØHETTA. Architecture – Landscape – Interior» vert organiserte av Nasjonalmuseet og finansierte av Utanriksdepartementet.

## Contemporary Norwegian Architecture # 7

Utstillinga vart produsert i 2011 som ein vandreversjon av «Spor. Norsk arkitektur 2005–2010», vist ved Nasjonalmuseet – Arkitektur sommaren 2011. Utstillinga vart same år valt ut som Noregs bidrag til *NonaBia*, den niande arkitekturbiennalen i São Paulo. Engelskspråklege katalogar følgjer utstillinga. Utstillinga skal vandre vidare til Asia.

## SNØHETTA. Architecture – Landscape – Interior

Utstillinga er ein del av Snøhetta-utstillinga som vart vist i Nasjonalmuseet – Arkitektur sommaren 2009. Etter at den vart vist i Finlands arkitekturmuseum hausten 2012, er utstillinga utvida og omarbeidd med nye prosjekt. I 2013 vart utstillinga vist i American University of Sharjah (AUS), College of Architecture, Art and Design i Sharjah, Dei sameinte arabiske emirata. Utstillinga skal vandre vidare i Midt-Austen.

## Visningsstader i 2013

### ● Contemporary Norwegian Architecture # 7


Besøkstal:

20 210

Visningsstader:

4

- Hellas, Aten, New Benaki Museum (23.1.–10.3.)
- Kypros, Nikosia, University of Nicosia, Architecture Research Center (ARC) (4.4.–26.4.)
- Tyskland, Berlin, Felleshuset, The Nordic Embassies (13.9.–6.11.)
- Bulgaria, Sofia, Sofia Arsenal – Museum for Contemporary Art (22.11.–15.12.)



### ● SNØHETTA. Architecture – Landscape – Interior

Besøkstal:

650

Visningsstader:

1

- Dei sameinte arabiske emirata, Sharjah, The American University of Sharjah (AUS) (27.10.–28.11.)

---

Øvst og nedst til høyre:  
Frå opninga av Snøhetta-utstillinga i  
American University of Sharjah i Dei  
sameinte arabiske emirata.

Nedst til venstre:  
Frå opninga av utstillinga «Contemporary  
Norwegian Architecture #7» i Sofia  
Arsenal – Museum for Contemporary Art.



## 5 Formidling

### Variasjon i publikumsopplevinga

I løpet av året har vi jobba med å auke medvitet rundt variasjonen i dei tilboda og opplevingane vi tilbyr museet sitt publikum. Både når det gjeld å nå ut så breitt som råd er – og i opplevings- og formidlingstilboda publikum møter i museumsbygningane.

Stortingsvedtaket frå juni 2013 om å bygge nytt nasjonal-museum på Vestbanen gir ein unik sjanse til å tenke publikumsoppleving frå starten av. Vi skal arbeide med og eksperimentere målretta for å skape eit best mogleg møte mellom verk, gjenstandar og publikum i det nye museumsbygget. Som eit ledd i dette arbeidet tilsette museet i 2013 ein formidlingsrådgivar som skal bidra til ein gjennomarbeidd formidlingsstrategi fram mot opninga av det nye museet.

### Breidde i formidlingstilbod og målgrupper


Museet har i løpet av året planlagt og avvikla eit mangfaldig formidlingstilbod til publikum. Mange ulike målgrupper har deltatt i aktivitetane – barnehagebarn, elevar, studentar, forskarar og privatpersonar. Blant dei mange tilboda som har blitt arrangerte for utvalde målgrupper, finn vi mellom anna tilbod til asylsøkarar, og til menneske som er ramma av demens eller eteforstyringar. Fleire av tilboda vert planlagde i nært samarbeid med eksterne ekspertar og interesseorganisasjonar.

### Formidlingsaktivitetar

Ei rekke faste kjernetilbod vart i løpet av året avvikla i utstillingane, i studiesalen for grafikk og teikning, i atelierar og utanfor museet. På omvisingar, atelieraktivitetar, seminar og andre arrangement medverka interne og eksterne fagfolk. Atelieraktivitetane vert utvikla og gjennomført av kunstnarar, som har ei spesiell tilnærming til materiale og estetikk. Utvikling av dette området skjer bl.a. ved at dei fast tilsette kunstnarane ved museet deltek i utdanningsprogram for kunstnarar som arbeider med kulturformidling. Også andre kunststartar,

som musikk, filmframsyningar og teater er innlemma i museet si formidling.

### Samla tal på omvisingar 2012–13



Utstillinga «Munch 150» medverka til ei kraftig auke i talet på omvisingar på Nasjonalgalleriet: 1 041 omvisingar, mot 270 i same periode i 2012.

---

Øvst:  
Barna finn sin indre Nixon i Kjartan  
Slettemark-utstillinga i Museet for  
samtidskunst.

Nedst til venstre:  
«Babyskrik». Babyomvising i Munch-  
utstillinga i Nasjonalgalleriet.

Nedst til høgre:  
Lærarseminar i Kunstindustrimuseet.



---

## Omvisingar

Kvar søndag er det opne omvisingar i utstillingane i Oslo. I 2013 var det omvisingar kvar dag i heile juni, juli og august både på norsk og engelsk i «Munch 150». På våren og hausten er det tilbod om søndagsomvisingar med atelier for barnefamiljar. Samla tal på søndagsomvisingar i Oslo var 569 i 2013 mot 374 i 2012. Dette var ein oppgang på heile 52 %. På kvardagar tar visningsstadene i Oslo imot skuleklassar og barnehagegrupper. I 2013 vart 1 117 omvisingar halde for desse gruppene mot 1 134 året før, ein nedgang på 1 %. Den faste samlinga i Nasjonalgalleriet var stengt i april, mai, halve oktober og heile november. I tillegg var det omfattande byggearbeid i februar og mars. Dette resulterte i ca. 300 færre omvisingar i 2013. Det var 510 omvisingar for private grupper, foreiningar, firma og høgare utdanningsinstitusjonar. Dette er ei auke på 23 %. Totalt var talet på samla omvisingar 2 196 i 2013, ei auke på 14,3 %.

Talet på omvisingar for Nasjonalmuseets landsdekkande program var 1 868 for skulenettverket og 712 for gallerinettverket.

## Studiesalar

Nasjonalmuseets grafikk- og teikningsamling er tilgjengeleg for besøkande i studiesalen i Nasjonalgalleriet. Totalt har 696 publikummarar besøkt studiesalen i 2013.

Arkitektursamlingane er tilgjengelege for publikum i studiesalen i Nasjonalmuseet – Arkitektur. 93 personar nytta studiesalen i 2013.

## Tverrfagleg og innovativt

To vesentlege tiltak i 2013 peikar fram mot formidlinga i det nye Nasjonalmuseet. Det eine er eit forsøksprosjekt initiert av dei designfaglege ressursane ved museet, der målsettinga har vore å vidareutvikle utstillingsmediet i møtet med publikum. Dei to temporære utstillingane «Åpning mot det hellige» og «Kjartan Slettemark –

kunsten å være kunst» vart valde som prøveprosjekt for å utforske korleis design kan heve kvaliteten på Nasjonalmuseet sine utstillingar. Her samarbeidde museets media- og designgruppe med kunstfaglege tilsette for å sette i gang nye prosessar og finne nye løysingar.

Det andre tiltaket er etableringa av eit prosjektlaboratorium, der tilsette ved museet med ulik kompetanse kan utvikle formidlingsprosjekt. Målet er at publikum skal få oppleve ein enda sterkare samanheng mellom innhald og form, gjennom at ein arbeider fram sterkare og meir fokusert bruk av forskjellige formidlingsgrep. Fleire prosjekt er under utarbeiding i laboratoriet, og framover er arbeidet tenkt intensivt og profesjonalsert ytterlegare ved å utvikle kompetansen blant dei tilsette innan tverrfagleg samarbeid og kreativ og innovativ utvikling av idear. Dette ikkje minst på bakgrunn av dei viktige utfordringane vi står overfor når det gjeld å skape nytenking i det nye Nasjonalmuseet på Vestbanen.

## 6 Bibliotek og arkivsamlingar

Nasjonalmuseets bibliotek er leiande i Norden på sitt fagområde. Biblioteket vert nytta av museets tilsette, kunsthistorikarar, studentar, skuleelevar og forskarar frå inn- og utland.

Samlinga inneheld 171 400 trykte publikasjonar: bøker, utstillingskatalogar, auksjonskatalogar og tidsskrift. Biblioteket abonnerte i 2013 på 191 tidsskrift, katalogar frå 15 auksjonshus og 7 referansedatabasar.

### Nøkkeltal 2013:

Registrerte arkivsaker:

1 933

Tilvekst avisklipp:

7 700

Førespurnader arkiv:

286

Arkiv tilgjengelege via Arkivportalen:

30

Besøk/førespurnader bibliotek:

3 493

Nye bøker og utstillingskatalogar:

5 248

Utlån/innlån:

4 303

Dei historiske arkivsamlingane som omfattar institusjonsarkiva etter Nasjonalgalleriet, Museet for samtidskunst, Arkitekturmuseet, Kunstindustrimuseet og Riksutstillingar, utgjer saman med den store samlinga av arkiv etter kunsthistorikarar, foreiningar og andre kunstinstitusjonar ei uvurderleg kjelde til forskning.

### Verksemd

Fokus har i 2013 vore retta mot formidling av arkivsamlingane og vidareføring av arbeidet med å gjere den store bokgåva frå Henie Onstad Kunstsenter tilgjengeleg.

Gjennom den vitskapelege databasen Current Information System in Norway (CRISTIN) vert museet sitt FoU-arbeid synleggjort for eit breitt publikum. Arbeidet med implementering og opplæring i bruk av basen har hatt høg prioritet.

Det er ein aktiv kontakt med Universitetet og Høgskolen i Oslo og Akershus for å gi studentar kunnskap om biblioteket og arkivsamlingane.

### Nettverkssamarbeid

Nasjonalmuseets bibliotek er ein viktig bidragsytar i nettverkssamarbeidet *Norsk kunsthistorisk bibliografi online* som vert drifta av Nasjonalbiblioteket og kontinuerlig oppdatert.

Som einaste norske forskingsbibliotek innanfor kunstfeltet deltar Nasjonalmuseets bibliotek saman med forskingsbibliotek i Europa og USA i nettverkssamarbeidet *artlibraries.net*.

## 7 Samlingane



Sjå museet sin nettstad for komplett oversikt over samlingsarbeidet 2013  
[nasjonalmuseet.no/samlingsarbeid2013](http://nasjonalmuseet.no/samlingsarbeid2013)

Samlingsforvaltning har som mål å ta vare på kulturarven for framtidige generasjonar og omfattar alle aktivitetar og tiltak som sikrar at samlingane vert tekne vare på, dokumenterte og gjorde tilgjengelege for allmenta i tråd med dei profesjonelle standardane som gjeld i dag.

### Prosjektrelatert samlingsarbeid

Nasjonalmuseet sine samlingar på totalt 332 964 verk har sidan 2008 vore gjenstand for revisjon. Hovudmålet er å gjere samlingane tilgjengelege for publikum på digitaltmuseum.no og klargjere dei for flytting til Vestbanen. Revisjonsarbeidet vil halde fram til 2017 og har resultert i ei kvalitetsauke i gjenstandsregistrering, fotografering og tilstandsdokumentasjon. I tillegg til den grunnleggande kvalitetssikringa er det òg utført katalogiseringsarbeid for ei rekke verk i samlinga. Som ledd i arbeidet med ny katalog over alle verka av Edvard Munch som er i Nasjonalmuseets eige, vart det utført ny katalogisering av eit utval maleri, grafiske blad og teikningar. Eit liknande arbeid har vore gjort med antikke skulpturar og eldre og moderne utanlandsk maleri, som del av førebuingane til ein bestandskatalog.

8 499 verk vart kvalitetssikra i 2013, og 5 341 publiserte på digitaltmuseum.no. Talet på verk tilgjengelege på DigitaltMuseum frå Nasjonalmuseet var ved årsslutt totalt 24 681. Talet er lågare enn i tabellen på grunn av 396 avpubliseringar opp gjennom åra.

### Fotografering og digitalisering av samlingane

Samlingsrevisjonsarbeidet i 2013 har i stor grad vore knytt til større prosjekt med fotografering og digitalisering av drakter og andre tekstilar, samtidskunst, bestandskatalog over eldre utanlandsk kunst, glas og keramikk, arkitekturteikningar, møblar, teikningar og grafikk. I løpet av året vart 5 247 verk fotograferte. I tillegg har arbeidet med å fotografere restansar tilbake til 2006 hatt høg prioritet, målet er å være à jour i løpet av 2014.


Gjennom året vart det gjennomført eit omfattande arbeid med kvalitetssikring av digitale bildefiler og innlegging av metadata i samband med at museet satsar på å gjere samlingane tilgjengelege på DigitaltMuseum.

Etterspørselen etter video i utstillingar, formidling og dokumentasjon har vore aukande. I 2013 vart det laga 10 videoproduksjonar.

### Verk tilgjengelege på DigitaltMuseum 2010–13

Totalt:

25077



Øvst:  
Konservatorar inspisierer arkitekturmodell.

Nedst til venstre:  
Ein av museets tekniskarar førebur  
utstillinga «Inside Outside Architecture»  
i Museet for samtidskunst.

Nedst til høgre:  
Konservatorar undersøker Edvard  
Munchs *Skrik*.



---

I løpet av året selde Nasjonalmuseet ca. 700 digitale bildefiler frå sitt eige bildebyrå til eksterne kundar for bruk i kunst- og lærebøker, brosjyrar, kalendrar, plakatar, til nett o.l. Museet handsama ca. 2 000 interne førespurnader, og leverte ca. 33 100 digitale bildefiler frå bildedatabasen. 23 utstillingar og 44 arrangement vart dokumenterte.

## Digital samlingsforvaltning

Nasjonalmuseet oppretta i januar 2013 eit internt kunstfagleg katalogiseringsforum som handsamar saker som gjeld standardisering og vedtar forskrifter om dokumentasjon av kunstverk. På våren vart det halde kurs for eksterne museum, der museet samarbeidde med kunstnettverket og Seksjon for kunst og kunstindustrimuseum i samband med Norges Museumsforbunds nasjonale kursopplegg for digital katalogisering av kunst. Samtidig lanserte museet sin virtuelle tur gjennom salane i Nasjonalgalleriet i The Google Art Project. All tilgjengeleg informasjon om verka er kvalitets-sikra og eksportert i kjente format frå samlingsdatabasen. Arbeidet med vidarepublisering til den europeiske kulturarvportalen Europeana vert vidareført. Museets toårige, kulturrådsstøtta nettverksprosjekt «Norsk museumsvokabular og utstillingsregister» er inne i slutfasen, og fellesterminologi til publisering er klar. Prosjektet har resultert i eit rammeverk for publisering av historiske utstillingar som opne data, førebels inneheld dette Nasjonalmuseet sine utstillingar. Museet hadde også hovudansvar for dokumentasjonsmodulen i Kulturrådet sitt kompetansehevingskurs for museumssektoren hausten 2013, initiert etter føringar i St.meld. 49 (Framtidas museum), og har medverka i evalueringa Kulturrådet har gjort av den britiske samlingsforvaltningsstandarden Spectrum. Det har vore jobba med prosjektet «Visualisering av samlingsdata» i samarbeid med firmaet Bengler. Resultatet er ein instruksjonsfilm og eit verktøy som viser representativitet i museet sine bildekunstsamlingar.

## Magasinforhold og logistikk

I løpet av året har Nasjonalmuseet fått 2 300 kvm større magasinareal. Hausten 2013 vart brukt til å planlegge 8 flyttestrukturprosjekt som skal gjennomførast i 2014. Alle dei eksterne magasinane som ikkje er drifta av Nasjonalmuseet vert derfor avvikla, og møblar lagra i Kunstindustrimuseet vert flytta til dei nye lokala.

Nasjonalmuseets samlingsforvaltningsavdeling har vore leiari for prosjektet *Systemverktøy for logistikk i museer*. Prosjektet får stønad frå Kulturrådet og er eit samarbeidsprosjekt med Vestfoldmuseene. I samband med prosjektet vart det gjennomført eit seminar, der åtte programvareleverandørar frå Europa presenterte sine Collections Management-system for museumsorganisasjonar frå heile Noreg.

I løpet av året vart 4 316 verk flytta internt i samband med utstillingar, konservering eller fotografering. For å imøtekomme krav til kommunikasjon og kontroll over faste og midlertidige plasseringar, innførte samlingsforvaltningsavdelinga eit nytt elektronisk oppgåvefordelingsverktøy som bidrar til ein smidigare arbeidsflyt. Dette pilotprosjektet vert avslutta våren 2014.

Nasjonalmuseet har òg initiert eit retrospektivt dokumentasjonsprosjekt for sine depositaavtalar. Arkivbasert informasjon vert ført inn i databasen Primus, nye avtalar inngått når det er nødvendig, og eventuell tilbakelevering av gjenstandar som høyrer Nasjonalmuseet til er under vurdering.

## Konservering

Konserveringstiltak er knytt til utstillings-, utlåns- og innkjøpsverksemda ved museet. Nasjonalmuseet loggfører klima i alle magasin og utstillingslokale og nyttar flyttbare luftfuktarar, lufttørkarar og luftkjølarar for å prøve å tilpasse forholda til akseptable verdiar. Museet har rutinar for kontroll og nedkjem-



ping av biologiske angrep og insektangrep (frysing- og thermolignum-metoden) og loggfører angrep og tiltak. Konserveringsverksemda består òg i å utvikle nye behandlingsmetodar og forske på samlingane. Fleire av dei pågåande forskingsprosjekta går føre seg i nært samarbeid med andre institusjonar, både nasjonalt og internasjonalt. Eit av desse er HyPercept-prosjektet, med utprøving av hyperspektral avbilding av maleri. Hyperspektrale avbildingar av *Skrrik* vart brukte i ei punktutstilling om undersøkingane av maleriet i Nasjonalgalleriet. Nasjonalmuseet deltar òg i det internasjonale Cranach-arkivet, som har som mål å samle og gjere all eksisterande dokumentasjon om Lucas Cranachs maleri tilgjengeleg.

Nasjonalmuseet bidrar aktivt i undervisning og opplæring av konservatorar, har eit tett samarbeid med Konserveringsstudier ved Universitetet i Oslo, og tar imot hospitantar frå europeiske utdanningsinstitusjonar.

## Teknisk produksjon av utstillingar

Nasjonalmuseet sitt utstillingsprogram i 2013 omfatta produksjon av alle museets utstillingar i Oslo, vedlikehald og oppdatering av utstillingar på turné i Noreg og i utlandet, i tillegg til produksjon av nye turnéutstillingar. Teknisk produksjon av utstillingar omfatar planlegging, koordinering og gjennomføring av monteringsarbeidet. Etterspørselen etter nyprodusert videomateriale aukar i samband med formidlingsarrangement, som supplement til utstillingane, promotering eller omarbeiding av materiale innsamla til utstillingane. I løpet av året vart det produsert 8 videofilmar til slike formål.

## Utlån

Utlån er viktig for å presentere Nasjonalmuseet som samarbeidspartnar for institusjonar i heile Noreg og i utlandet. Det fremjar interessa for norsk kunst og museet sine samlingar. Lån vert innvilga ut frå vurderingar av tryggleik, konserveringstilstand m.m. Spesielt viktige

utlån i 2013 fann stad i samband med 150-årsjubileet for Edvard Munch.

I 2013 handsama Nasjonalmuseet 69 lånesøknadar. Det vart lånt ut 123 verk frå samlingane i museet: 76 verk til 16 utstillingar i Noreg, og 47 verk til 14 utstillingar i utlandet.

Til utstillingar i Noreg representerte verk av Edvard Munch (7 verk) og Harriet Backer (6 verk) høgaste utlånstal, mens tilsvarande for utlandet var verk av Christian Krohg (4 verk), Theodor Kittelsen (4 verk) og Gerhard Munthe (4 verk).

I jubileumsåret for Edvard Munchs fødsel vart det lånt ut 6 verk til Munch-museet og utstillinga «Munch 150». Til utstillinga «Munch og malervennene på Modum», vart det lånt ut 15 verk av ulike norske kunstnarar til Blaafarveværket.

Det vart i løpet av 2013 deponert 9 verk til offentlege institusjonar i Noreg.

## Innkjøp

I følge avtalen mellom Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst og Kulturdepartementet, har museet drifts- og forvaltningsansvar for samlingane. Innsamlingsarbeid og innkjøp til samlingane er ein viktig del av forvaltningsansvaret.

I 2013 vart det kjøpt inn 122 verk til ein kostnad av kr 11 449 425,69 mot kr 9 008 296 i 2012. Avgift betalt til Bildende Kunstneres Hjelpesfond i 2013 er kr 115 316. 266 verk er gitt museet i gåve i 2013. Medlemmar av innkjøpskomiteen i 2013 var direktør Audun Eckhoff (leiar), Andrea Kroksnes (januar–juni), Eva Klerck Gange (august–september), Randi Godø (oktober–desember) og Sabrina van der Ley (samtidskunst), Nils Ohlsen og Øystein Ustvedt (eldre og moderne kunst), Nina Berre (arkitektur), Widar Halén (design og kunsthandverk) og Thierry Ford (konservering).

## Eit utval av innkjøpa i 2013



Sjå museet sin nettstad for komplett liste  
over alle innkjøp i 2013  
[nasjonalmuseet.no/ervervelser2013](http://nasjonalmuseet.no/ervervelser2013)

### Eldre og moderne kunst



Jacob van Ruisdael, *Fjellandskap med gammelt eiketre ved en kornåker*, 1660-talet  
Olje på lerret.

Maleriet er i svært god stand og omfattar fleire av den store nederlandske landskapsmalarens mest sentrale element. Dominerande i bildet er den stormskadde eika, eit motiv som seinare vart ei viktig inspirasjonskjelde for Johan Christian Dahl.



Camille Corot, *Elvestryk, Velino*, anvendt 1826  
Olje på papir hefta opp på lerret.

Detaljrikdomen og den livlege karakteren gjer denne oljeskissa unik i Corots kunstnariskap. Den vart malt på Italia-reisa hans i 1825–28. I desse åra oppdaga også dei første norske kunstnarane Syden, og malte som Corot for første gong direkte med oljefargar ute i naturen.

### Samtidskunst



Hans Op de Beeck (1969), *Staging Silence (2)*, video, 2013  
HD-video overført til Blu-Ray-plate, svart-kvitt med lyd.

Hans op de Beecks verk inneheld eit rikt spekter av teknikkar og visuelle uttrykk som spenner frå minimalisme til lyriske former. Eit gjennomgåande tema er refleksjonar over menneskeskapte naturendringar. Beeck synleggjer strukturelle endringar i det menneskeskapte landskapet på ein tilsynelatande enkel måte, og med eit humoristisk og absurd tilsnitt.



Toril Johannessen, *In Search of Iceland Spar*, 2008  
Installasjon, 181 svart-kvitt innramma og handkopierte fotografi på baryttpapir, 12 bøker med utskrifter av den komplette e-postkorrespondansen til prosjektet.

Toril Johannessens kunstnariske metode baserer seg i dette verket på forskingsprosessar og involvering av marginale tema innanfor vitskaphistoria. I verket er mineralet islandsk kalsitt hovudtema for forskingsprosessen til Johannessen. Kunstnaren har sett saman det innsamla materialet til eit heilskapleg visuelt uttrykk med fotografi og tekstar i ein installasjon.

## Arkitektur



Steven Holl, *Knut Hamsun Center Model 1:200*, 1998  
Arkitekturmodell i tre og metall.

Modellen vart laga av Steven Holl Workshop under forprosjektfasen til Hamsunsenteret. Den vart brukt som presentasjonsmodell og som arbeidsmodell for å teste relasjonen bygninga har til tomta på Hamarøy.



Gudolf Blakstad og Herman Munthe-Kaas,  
*Søndenvind. Blindern studenthjem*, 1921

Konkurranseutkast, teikning på papir (ein av 6 plansjar). Sentralperspektiv av bygninga sett frå alleen. Utkastet til Blindern Studententerhjem vart teikna året før det store gjennombrøtet til Blakstad og Munthe-Kaas. Prosjektet er eit viktig bidrag til den klassisistiske orienteringa innan norsk arkitektur på 1920-talet.

## Design og kunsthåndverk



Kari Steihaug, *Etter markedet*, 2009  
Installasjon, opprekte klede, nøste, trådar, strikka bilde etter maleriet *Kornplukkerne* (1857) av Jean-Francois Millet. Ull, bomull, syntetisk materiale, metall.

Steihaug har i mange år laga verk med utgangspunkt i avlagte strikkeplagg. Ho sankar saman restane av det andre har forkasta, og brukar dei, noko kvinnene i Millets bilde også gjer. Slik vert fortid og notid kombinert og kommentert på ein måte som både er konkret og poetisk.



Anders Ljungberg, *Handled #1*, 2012  
Sølv og brukte dørhandtak av forskjellige metall.

Ein kan karakterisere verket som eit refleksjonsobjekt over den kunstindustrielle historia. Det er del av ein serie der Ljungberg utforskar kva plass ornamentet har i forhold til funksjonen. Ei kanne har som regel eitt handtak, og ved å tilføre fleire, som er overflødige, får dei ein ornamental funksjon.

## 8 Forsking og utvikling



Sjå museet sin nettstad for komplett liste over alle prosjekt og publikasjonar i 2013  
nasjonalmuseet.no/prosjekter2013  
nasjonalmuseet.no/publikasjoner2013

### Personale

Tal på tilsette med forskingsansvar i stillinga pr. 31.12.2013:

- Kurator/konservator: 30 personar
- Andre (seniorkurator/seniorforskar/forskingskoordinator/spesialrådgivar): 13 personar

Fleire vitenskapelig tilsette ved museet utførte sensoroppdrag ved universitet og høyskular, deltok i redaksjonsrådet for *Kunst og Kultur* og hadde redaktørverv for ulike publikasjonar. Ei rekke av dei tilsette ved museet har verv i ulike styre, faglege komitear og programråd i tillegg til at dei deltar i internasjonale organisasjonar.

Kurator Bente Aass Solbakken ved arkitekturavdelinga vart tatt opp på doktorgradsutdanninga ved HF, Universitetet i Oslo (UiO), med prosjektet *Kunstnerarkitekten. En arkitektonisk kultur i Kristiania rundt 1900*. Ein student gjennomførte praksis i avdeling design som ledd i masterutdanning i museologi, IKOS ved UiO, og to masterstudentar frå Ecole Condé i Paris og Northumbria University, Newcastle, gjennomførte praksis i seksjon konservering.

### Vidareført samarbeid om FoU-prosjekt

FoU-aktiviteten i 2013 omfatta vidareføring av både kunsthistoriske og konserveringsfaglege forskings- og utviklingsprosjekt. Resultata vart formidla gjennom utstillingar, publikasjonar og konferansar. Det var stor interesse for dei to internasjonale konferansane *An Appetite for Painting*, arrangert av Nasjonalmuseet, og *Edvard Munch and/in Modernism*, arrangert av forskingsnettverket Munch and Modernity – eit samarbeid mellom Nasjonalmuseet, Munch-museet og IFIKK ved UiO.

### Avslutta prosjekt 2013

CONTACT; Communicating Organizations in Networks of Art and Cultural Heritage Technologies, det fireårige forskingsprosjektet finansiert av Noregs forskingsråd vart avslutta i 2013. Nasjonalmuseet har deltatt i del-

prosjektet EXHIBNET med prosjekta «Snøskult» og «I Munchs verden». Det tverrfaglege prosjektet har resultert i fleire doktor- og mastergradar, og resultata er formidla gjennom ei rekke artiklar og konferanseinnlegg.

Nasjonalmuseet arrangerte i 2013 tre opne konferansar med til saman 400 deltakarar:

- *Edvard Munch and/in Modernism (18.–21.9.)*: Hovudforedrag ved Reinhold Heller, Francis Frascina og Susan Greenberg Fisher. 18 innlegg (papers), 170 deltakarar.
- *An Appetite for Painting (19.–20.9.)*: Foredrag ved Adrian Searle, Analia Saban, Marlene Dumas, Mari Slaattelid, Gavin Jantjes, Glenn Barkely, Jitish Kallat og Olav Christopher Jenssen. Ca. 200 deltakarar.
- *Japonisme (31.10.–1.11.)*: Foredrag ved Gabriel Weisberg, Akiko Mabuchi, Mirjam Gelfer-Jørgensen, Hans Bjarne Thomsen, Widar Halén, Tone Holen Karlsen, Ito Fumiko Werenskiold, Laura Gutman og Salla Heino. 30 deltakarar.

### Publisering 2013

Utstillingskatalogen *Edvard Munch 1844–1944*, utgitt på fem språk på Skira forlag i samarbeid med Munchmuseet og Nasjonalmuseet, og tidsskriftet *Kunst og Kultur*, var dei viktigaste kanalane for vitenskapelig publisering i 2013. Fagfolka ved museet har òg medverka til eksterne publikasjonar. Illustrerte artiklar i Norsk Kunstnerleksikon bind 1 og 2 vart publiserte på nettstaden til Store norske leksikon. Nettpubliseringa er finansiert av Kulturrådet og vart avslutta i 2014.

Nasjonalmuseet følgde opp utgivinga av følgjande periodikum, begge nivå 1 for vitenskapelig publisering: *Arkitekturårbok 2013*. Redaktørar: Nina Berre og Jérémie McGowan; utgitt av Pax Forlag; Det kunsthistoriske tidsskriftet *Kunst og Kultur* kom ut med fire nummer. Redaktør: Birgitte Saue; utgitt av Universitetsforlaget, med stønad frå Noregs forskingsråd.

Vitenskapelig publisering, inkl. fagfellevurderte tekstar i museets egne katalogar: 7 einingar / 6 personar  
Fagleg publisering: 86 einingar / 26 personar  
Populærvitenskapelig publisering: 53 einingar / 14 personar

---

## 9 Kommunikasjon

Nasjonalmuseets eksterne kommunikasjon omfattar formidling i vid forstand, publikumsutvikling nasjonalt og internasjonalt, omdømmebygging og markering av museet som samfunnsaktør. Kommunikasjonsflatene mot publikum er digitale plattformer (nettstad, sosiale medium og andre nettbaserte tenestar) i tillegg til eit breitt spekter av trykte publikasjonar, utstillingskatalogar, formidlingsbrosjyrar og pressemateriell.

### Presse

Gjennom året har alle utstillingane til museet vore godt synlege i media. Spesielt fekk utstillinga «Munch 150» solid mediedekning. Utstillinga var eit samarbeid mellom Nasjonalmuseet og Munch-museet, og høgdepunktet i feiringa av 150-årsjubileet for Edvard Munchs fødsel. 120 utanlandske og 30 norske journalistar deltok på pressevisninga i utstillinga 31. mai. Dette styrka det internasjonale journalistnettverket til museet, og vil vere verdifullt i pressearbeidet mot internasjonale medium i samband med etableringa av det nye Nasjonalmuseet på Vestbanen.

Pressa viste også ekstra stor interesse for utstillinga «KjARTan Slettemark. Kunsten å være kunst» i Museet for samtidskunst. Utstillinga vart av fleire kunstkritikarar rangert blant årets beste i 2013.

### Nettstad

nasjonalmuseet.no er museet sin viktigaste informasjonskanal. Nettstaden gir ei samla oversikt over utstillingar, arrangement og aktivitetar, i tillegg til å informere om anna verksemd ved museet. Talet på brukarar frå mobile einingar og nettbrett har i løpet av året auka med over 100% på museet sin nettstad. I 2013 er det sett i gang nyutvikling av nettstaden for å imøtekomme dette, og for å betre presentasjonen av museet sitt omfattande utstillings- og arrangementsprogram.

### Sosiale medium

Som eit middel i kommunikasjonen med publikum har Nasjonalmuseet styrka nærværet i sosiale medium. I løpet av året har museet dobla oppslutninga på Facebook med over 14 000 likes. Instagram vart tatt i bruk på slutten av 2012, og i løpet av 2013 har museet 2 500 følgjarar. Instagram-kampanjen #minkunst vart gjennomført for å auke merksemda rundt det framtidige nybygget for Nasjonalmuseet på Vestbanen. På Facebook, Twitter, Instagram og YouTube har museet formidla aktuelle arrangement i musea, og dokumentert opningar, seminar og workshops.

### Munch 150

I samarbeid med Munch-museet vart det i tilknytning til Munch-jubileet oppretta ein eigen nettstad, [munch150.no](#), som informerte om jubileet og det omfattande arrangementsprogrammet. Nettstaden var tilgjengeleg på åtte språk: norsk, engelsk, tysk, fransk, spansk, italiensk, russisk og japansk. For jubileet vart det òg oppretta eigne profilar i sosiale medium: på Facebook, Twitter og Instagram, med stor aktivitet gjennom heile jubileumsåret, og god oppslutning frå publikum.

### DigitaltMuseum

På slutten av 2013 var talet på publiserte verk frå Nasjonalmuseet sine samlingar 24 681 publiserte verk, nesten fem tusen fleire enn ved førre årsskifte. Verk i samlingane vart viste 93 549 gonger, fordelt på 40 260 besøk (26 559 unike besøkande). Ikkje overraskande var fem av Munchs verk blant dei ti mest sette verka i jubileumsåret.

Øvst:

Kulturminister Hadia Tajik heldt tale for over hundre framnøtte på pressevisninga for Munch-utstillinga i Nasjonalgalleriet.

Nedst:

Juryering av bidrag til Instagram-konkurransen #minkunst.



## Andre digitale kanalar

På byrjinga av året lanserte Nasjonalmuseet nyhendebrev på e-post, med ein abonnentmasse på 9 400. Nyhendebrevet vert sendt ut to gongar i månaden, og presenterer artiklar om nye utstillingar, aktuelle arrangement, utstillingsinvitasjonar og andre aktualitetar i museet.

Bind 1 og 2 av Norsk Kunstnerleksikon vart på hausten digitalt tilgjengeleg gjennom ei open dataløysing og via Store norske leksikon, nkl.sn.no. Påmeldingssystemet Eventbrite er tatt i bruk til arrangement for eksterne og interne.

## Marknadsføring

Hovudtyngda av marknadsmidla til Nasjonalmuseet går til *Museene i Oslo*, ei annonsering som kjem kvar veke i papir- og nettutgåvene til Aftenposten og Dagsavisen. Det vert annonsert og informert om utstillingar og arrangement gjennom aviser, kunstfaglege tidsskrift, magasin og nyhendebrev. Museet har eit nært samarbeid med VisitOslo og deltar i alle publikasjonane deira: *Oslo Pass*, turistkart, *What's on* og *Oslo Guiden*. Guiden vert utgitt på seks språk i eit opplag på 900 000.

Nasjonalmuseet har i løpet av året hatt to større kampanjar på T-banen i Oslo. Ein vårkampanje med utstillingane «Arkitekturimport», «From the Coolest Corner», «Åpning mot det hellige» og «Paradoks», og i tillegg ein julekampanje som presenterte både kunstopplevingar og butikken og kafeen i Nasjonalgalleriet. Julekampanjen på T-banen gav direkte respons i form av mange nye besøkande i museet.

# 10 Forretningsdrift

## Butikkar

Nasjonalmuseet har butikkar i alle dei fire museumsbygningane. Butikkane i Nasjonalgalleriet, Museet for samtidskunst og Nasjonalmuseet – Arkitektur vert drivne i samarbeid med Tanum bokhandel. Butikken i Kunstindustrimuseet er driven av Nasjonalmuseet.

Samla omsetning i museumsbutikkane var i 2013 ca. 6,3 mill. mot ca. 4,8 mill. i 2012. Dette er ei auke på 31 %.

Butikken i Nasjonalgalleriet står for ca. 1,8 mill. av aukinga, grunna det høge besøkstalet i utstillinga «Munch 150».

Butikken i Kunstindustrimuseets hadde ein nedgang i omsetninga på 26 % frå 2012 til 2013. Ein kan sjå



det negative resultatet i 2013 i samheng med 2012-utstillinga «Den kongelige reise», som gav fjoråret svært gode tal.


Butikken i Museet for samtidskunst hadde eit negativt resultat på 15 % frå 2012 til 2013. Dette grunna ein generell nedgang i publikumsbesøk første halvår 2013.

Butikken i Nasjonalmuseet – Arkitektur hadde ei omsetningsauke på 20 % frå 2012.


## Kafear

Museet har kafear i alle dei fire visningsstadene. Kafeen i Nasjonalgalleriet, Den franske sal, vert driven av Løsch DA ved dagleg leiar Isabella Løsch Danneborg. Kafé Grosch i Nasjonalmuseet – Arkitektur og Kafé Hjorth i Museet for samtidskunst vert driven av Raadhus Drift AS ved dagleg leiar Jørn Lie. Den enkle kafeen i Kunstindustrimuseet, Kafé Solliløkken, er knytt til museumsbutikken og vert driven av dei butikktilsette.

## Omsetning museumsbutikkar



## Omsetning arrangement/utleige



### Events og arrangement

Det vart gjennomført 111 arrangement i 2013 mot 92 i 2012, ei auke på 21 %. Dette er ei auke i omsetninga på 43 %. Det største arrangementet i 2013 var opninga av «Munch 150».

Ved alle arrangement står Nasjonalmuseet sine kafear for servering. Kafeane har også blitt attraktive lunsj- og middagsstader, og fungerer ikkje berre som tilbod direkte knytte til museumsbesøk.

Nasjonalmuseet har inngått eit samarbeid med Jii opplevelser. Kveldar med kunstkåseri, omvisingar og mat og musikk har resultert i at eit nytt publikum finn vegen til museet.

### Turoperatørmarknaden

Dei største samarbeidspartnarane våre er turoperatørane MIKI, Tumlare og Nordic Cruise. Turoperatørmarknaden representerte i 2013 ei auke på 16 % i Nasjonalmuseet. I 2013 var besøkstalet 20 425, mot 17 630 i 2012.

### Cruise

Talet på besøkande frå cruisebåtane hadde i 2013 ein markant oppgang med 5 975 besøkande i forhold til fjoråret med 1 711 besøk, ei auke på 249 %. Auka er svært positiv, då cruisemarknaden i Oslo generelt er på veg ned, med 298 000 passasjerar i 2013 mot 304 000 i 2012. Denne trenden ser ut til å halde fram i 2014.

### Landbaserte turistgrupper

I 2013 hadde vi 14 450 besøk mot 15 919 i 2012 av landbaserte turistgrupper. Dette er ein nedgang på 9 %. Årsaka til nedgangen kan vere at Nasjonalgalleriet si basisutstilling heldt stengt i to periodar i 2013 grunna utstillingsskifte i samband med utstillinga «Munch 150».

# 11 Organisasjon

## Bemanning

Då året starta, hadde museet 144 fast tilsette. Gjennom året er det tilsett 10 personar i faste stillingar og 2 personar i engasjement som varer til 31.12.2017. 9 personar har slutta, og 4 har gått av med pensjon. Det vil seie at museet pr. 31.12.2013 har 143 fast tilsette og 10 i langtidsengasjement. I tillegg hadde museet 17 mellombels tilsette ved utgangen av 2013. Rekna om til årsverk, disponerte museet 134,57 faste årsverk i 2013, det vil seie ein nedgang på 4,42 årsverk frå 2012. 68,24 prosent av dei tilsette er kvinner, og 31,76 prosent er menn. Gjennomsnittleg løn for fast tilsette innan forhandlingsområdet er 473 361 kroner for kvinner og 508 646 kroner for menn.

## Arbeidsmiljø og HMS


Museet gjennomførte ei eiga medarbeidarundersøking i februar, som vart presentert for leiarar, tilsette, verneombod og tillitsvalde. Alle avdelingar har fått presentert

sine resultat og sett kva område dei bør konsentrere seg om i arbeidsmiljøarbeidet. Undersøkinga fekk god svarprosent og viste at dei tilsette er stolte av å jobbe i Nasjonalmuseet, og at dei føler seg trygge på å komme med egne meiningar. Konflikthandtering er det området mange meinte kunne vore handsama betre. Det er difor gjennomført opplæring for leiarar, tillitsvalde og verneombod i konflikthandtering. Arbeidsmiljøutvalet hadde fire møte i 2013. Museet er IA-bedrift og har bedriftshelsetenesteavtale med Stamina Helse.

## Utvikling i sjukefråværet

Sjukefråværet i 2013 var på 4,7 prosent. Dette er ein svak oppgang frå 2012. Målsettinga i den lokale IA-avtalen om 5,0 prosent i 2012 er nådd. HR-strategien hadde som mål å komme ned på 4,5 % i 2013. Eit nytt tidsregistreringssystem vart satt i drift i mars 2013, og gir avdelings- og seksjonsleiarane tilgang til statistikk for sjukefråværet for egne einingar.

### Utvikling i sjukefråværet 2006–13



---

## 12 Bygningar og tryggleik

Nasjonalmuseet disponerer lokale i åtte bygg. Desse er eigde av fire ulike gardeigarar som alle har sin eigen driftsorganisasjon med eigne ansvarsmatriser og forventningar til leigetakarane. Alle dei fire museumsbygga er på fredingslistene til Riksantikvaren eller Byantikvaren, og bygningsmessige inngrep eller tiltak må følgje retningslinene deira. Dei er òg alle klassifiserte som særskilte brannobjekt, noko som stiller ekstra strenge krav til brannorganisasjon, bruk av lokala og internkontroll. Desse særskilte forholda krev ein driftsorganisasjon som jobbar tett saman med organisasjonane til gardeigar, og som forstår dei krav og forventningar myndighetene stiller. Lokala til tidlegare Arkitekturmuseet i Kongens gate 4 vart avvikla i 2013.

Eit enkeltprosjekt med store utfordringar til tryggingstiltak i 2013 var utstillinga «Munch i koffert», som var ein del av Munch-jubileet. Eit originalt bilde av Munch var på turné til museum i Noreg. Første utstillingsstad var Svalbard i desember 2012. I 2013 turnerte utstillinga til fem museum. Sikring og alarmering av utstillingslokale, transport, overvaking og handtering fann nye og innovative løysingar.

Utstillinga «Munch 150» i Nasjonalgalleriet var utfordrande når det gjaldt tryggleik og organisatoriske tiltak, med store verdiar, mange arrangement, fleire besøkande enn normalt og lange køar utanfor museet. I samband med utstillinga vart vaktentralen og heile ITV-systemet oppgradert. Sikringstiltaka vart utførte i tett samarbeid med Munch-museet.

Kunstindustrimuseet sin tidlegare nabo, Kunsthøgskolen, er overtatt av Undervisningsbygg. Gjennom heile året har rehabiliteringsarbeid vore i gang både i dei gamle skulelokala, i dei tilstøytande lokala, og i bakgården. All teknisk infrastruktur, som vatn, elektrisitet og varme som før var felles, er no åtskilte anlegg. Ein vidaregåande kunstfagleg skule for ca. 400 elevar var planlagt opna hausten 2014, men på grunn av forseinkingar i prosjektet er innflyttinga utsett til 2015.

Statsbygg renoverer tak og vindauge i Museet for samtidskunst, og bygninga vart i 2013 dekt med stillas og presenning. Arbeidet vil halde fram gjennom mesteparten av 2014.

Arbeidet er i gang med planlegging av sikringstiltak, byggutforming og definering av brukarutstyr i det nye museumsbygget på Vestbanen.

Som resultat av ny konkurranseutlysning bytta museet i januar leverandør av salvakter frå Securitas til G4S. I 2013 har avtalen om betening av vaktentralane i museumsbygningane vore konkurranseutlyst, og medført eit bytte av leverandør i 2014.

Trådlause nettverk er installert i alle dei fire museumsbygningane, i kontora i Kristian Augusts gate 23, og i verkstaden i Maridalsveien 17. Vaktentralar og ITV-anlegg har i alle bygg og magasin vorte gradvis moderniserte i løpet av året. Det same gjeld sikringsprosedyrane ved museet.

---

## 13 Støttespelarane til Nasjonalmuseet

### Sponsorar og samarbeidspartnarar

Nasjonalmuseet vil takke for ekstraordinære beviljingar til Munch-jubileet frå Kulturdepartementet og Oslo kommune, i tillegg til økonomiske bidrag frå Utanriksdepartementet og Sparebankstiftelsen DNB. Ein stor takk til sponsorane Statkraft, Idemitsu Petroleum Norge, OSL Gardermoen, Flytoget, Fotophone og Interface. For ytterlegare å styrke jubileet vart det inngått samarbeidsavtalar med Universitetet i Oslo, Mondelez (Freiasalen), Forsvaret, Nordic Stories, Seventh Art, H.M.Kristiansens Automobilbyrå AS og VisitOSLO.

Takk til Wintershall Holding GmbH for godt sponsor-samarbeid.

Andre offentlege prosjektrelaterte tilskot kom frå Utanriksdepartementet, Kulturrådet og Statens vegvesen.

Nasjonalmuseet har eit svært tilfredsstillande samarbeid med Sparebankstiftelsen DNB om kunstdeponi. Innkjøpa som vert gjort av stiftinga skjer i tett samarbeid med museet, og er retta mot å fylle ut hol og bygge ut viktige nye samlingsområde. Dei økonomiske ressursane stiftinga stiller til disposisjon gjer det mogleg for museet å styrke dei faste samlingane med verk vi elles ikkje hadde klart å skaffe. Samarbeidet har blant anna medført at Nasjonalmuseet kan vise ei betydeleg tysk ekspresjonistisk malerisamling, som set Edvard Munchs verk i perspektiv, og som det tidlegare ikkje fanst nokon eksempel på i norske museum.

Andre samarbeidspartnarar i 2013 har vore: Munch-museet, Det kongelige museum for skjønne kunster i Antwerpen, Kunstmuseum Luzern og De Vleeshal i Middelburg, Vitra Design Museum, University of Pennsylvania og Netherlands Architecture Institute, Stiftelsen Fritt Ord, Kunsthøgskolen i Oslo, Norske Kunsthåndverkere, Stiftelsen Th. Fearnley, Stiftelsen Scheibler, Mondrian Fund, Thorleif Dahls kulturbibliotek, Riksantikvaren, Nordisk Kulturfond, Kulturkontakt

Nord, Noregs ambassadar i Washington, Berlin, London, Aten, Sofia og Abu Dhabi, og den amerikanske og den belgiske ambassaden i Oslo.

### Venneforeiningane

Nasjonalmuseet har fire venneforeiningar knytt til visingsstadene i Oslo.

Nasjonalgalleriets venneforening, stifta i 1917, var i løpet av året på utanlandstur til Barcelona, dagstur til Blaafarveværket, Modum og Drammen Kunstmuseum, og hadde fem arrangement for medlemmane. Medlems-talet gjekk ned frå 463 i 2012 til 455 i 2013, inklusive bedrifts- og familiemedlemskap.

Museet for samtidskunsts venneforening, stifta i 1990, hadde i løpet av året elleve medlemstreff, to studiereiser – ei til Kraków og ei til Hamburg med avdelingsdirektør Sabrina van der Ley. Medlemstalet har halde seg stabilt: 149 i 2013, same tal som i 2012.

Venneforeningen for Kunstindustrimuseet i Oslo, stifta i 1919, hadde i løpet av året sju arrangement for medlemmane. Medlemstalet gjekk ned frå 446 i 2012 til 435 i 2013.

Arkitekturmuseets venneforening, stifta i 1994, hadde i løpet av året tre arrangement for medlemmane. Medlemstalet har halde seg stabilt: frå 163 i 2012 til 162, inklusive 52 bedriftsmedlemskap i 2013.

---

## 14 Det nye Nasjonalmuseet

I løpet av 2013 var byggeprosjektet gjennom fire viktige stadium. Tidleg på året godkjente Oslo bystyre reguleringsplanen for det nye Nasjonalmuseet på Vestbanetomta, i løpet av våren gjennomførte museet eit skisseprosjekt for laust brukarutstyr, like før sommarferien vedtok Stortinget utbyggingsprosjektet, og i løpet av hausten gjennomførte museet ein «layout-fase» der ein del uteståande spørsmål vart tatt opp og avklart.

Reguleringsplanen for museumstomta vart vedtatt av Oslo bystyre 30. januar 2013. Dermed var eit viktig hinder passert, og det var mogleg for Kulturdepartementet å sende saka over til Stortinget. Også for Oslo-politikarane var det ei viktig hending. Dagen etter kunne Aftenposten rapportere: «Flere av politikerne sa de var stolte over å være med på å vedta bygget. – Et nytt nasjonalmuseum vil være et kjempeløft for kunsten og kulturen i denne byen, sa byutviklingsbyråd Bård Folke Fredriksen (H) under debatten.»

I eit brev av 7. mai 2013 gav Kulturdepartementet Nasjonalmuseet i oppdrag å lage ei oversikt over eksisterande brukarutstyr som kan være aktuelt å ta med over i nybygget, gi ei vurdering over kva utstyr som kan finansierast over ordinært driftsbudsjett i åra fram til innflytting, basert på investeringsnivået i 2011–12, lage ei overordna oversikt over nytt utstyr som kan vere nødvendig for å ta i bruk nybygget ved innflytting, og i tillegg lage eit estimat over kostnadane for nytt utstyr. Det var tidlegare bestemt at brukarutstyr som gjeld tryggleiken i bygget, bygningsintegrert utstyr til formidling og utstilling, og innreiing i magasin, vert behandla og prosjektert som integrerte delar av byggeprosjektet. Nasjonalmuseet sin rapport til Kulturdepartementet vart utarbeidd med bistand frå eksterne rådgivarar og overlevert 13. juni 2013.

Regjeringa la 22. mars 2013 fram ein proposisjon for Stortinget om byggesaken til Nasjonalmuseet. Proposisjonen – 108 S (2012–2013) *Nybygg for Nasjonalmuseet på Vestbanen* viste at museet ville få ei bruttoramme på 54 600 m<sup>2</sup> innanfor ei kostnadsramme på 5 327 millionar

kroner og med ei styringsramme på 4 690 millionar kroner, i prisnivå juli 2013. Då Stortinget vedtok museumspanen rett før sommarferien, uttalte kulturminister Hadia Tajik: «For det første så viser dette at Noreg er ein veldig rik kunst- og kulturnasjon. For det andre så trur eg at summen av desse bygga (Nasjonalmuseet og Munch-museet), og ikkje minst innhaldet i dei, vil vere fantastisk for alle som er interesserte i kunst og kultur i Noreg.»

I påvente av at detaljprosjektet skulle starte opp, gjennomførte Statsbygg hausten 2013 ein «layout-fase». På møte anna kvar veke vart det tatt opp tema som: layout-verksteder, plassering av viberasjonssensitive rom, varemottak, himlingar og tekniske løysingar i utstillingsareala, materialval og heisar. Nasjonalmuseet drøfta problemstillingane med brukarrepresentantane sine. I desember nådde prosjektet milepålen «Låst layout». Dermed var det klart for detaljprosjektering og forprosjekt for laust brukarutstyr i 2014.

---

Øvst:  
Illustrasjonsbilde av nybygget til  
Nasjonalmuseet på Vestbanen.

Nedst til venstre:  
Alabasthallen i det nye Nasjonalmuseet.

Nedst til høyre:  
Kontormiljø i det nye Nasjonalmuseet.



---

## 15 Årsmelding frå styret

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design ble etablert som en stiftelse 1. juli 2003.

Stiftelsen forvalter og utvikler Norges største og mest betydningsfulle samling av norske og utenlandske, historiske og samtidige verk, driver museumsvirksomhet i sentrum av Oslo, og har et omfattende, landsdekkende utstillingsprogram samt turnévirksomhet i utlandet.

Utstillingsarenaer i Oslo er i Universitetsgata 13 (Nasjonalgalleriet), St. Olavs gate 1 (Kunstindustrimuseet), Bankplassen 4 (Museet for samtidskunst) og Bankplassen 3 (Nasjonalmuseet – Arkitektur).

Biblioteket og hoveddelen av museets personale holder til i Kristian Augusts gate 23. Museets verksted er i Maridalsveien 17. En del av museets samlinger er magasinert i flere eksternt leide lokaler.

### Utstillinger i Oslo

I tillegg til samlingsutstillingene ble det vist 16 skiftende utstillinger ved visningsstedene i Oslo.

Høydepunktet i 2013 var utstillingen «Munch 150», et samarbeid mellom Nasjonalmuseet og Munch-museet, der første del av Munchs kunstnerskap ble vist i Nasjonalgalleriet, og den senere delen i Munch-museet. Utstillingen var en del av 150-årsjubileet for Munchs fødsel, og ble en formidabel suksess, med nesten 500 000 besøkende, en rekord i norsk sammenheng.

I tillegg til «Munch 150», viste Nasjonalgalleriet renessansemaleri fra Nederlandene i utstillingen «Åpning mot det hellige». Museet for samtidskunst startet året med å presentere norsk videokunst i utstillingen «Paradoks», etterfulgt av kunstneren Ida Ekblad som del av serien med yngre norske samtidskunstnere, og avslutningsvis en stor retrospektiv utstilling om kunstneren Kjartan Slettemark.

Nasjonalmuseet – Arkitektur åpnet med en presentasjon av yngre norske arkitekter. På høsten kom en større utstilling

om Louis Kahn, en klassiker i etterkrigstidens arkitektur. Parallelt med Kahn-utstillingen viste Museet for samtidskunst en gruppe samtidige billedkunstnere inspirert av arkitektur. I «Oslo Arkitekturtriennale», et samarbeidsprosjekt med fem andre aktører, ble det satt søkelys på bærekraft.

Ved Kunstindustrimuseet presenterte man ledende nordiske smykkedesignere i utstillingen «From the Coolest Corner», deretter den anerkjente norske designeren Svein Ivar Dysthe. I utstillingen «Horisont» ble det vist hvordan det blåhvite landskapsbildet i servisedekor fra 1800- og 1900-tallet har inspirert kunsthåndverkere i dag. Året ble avsluttet med den årlige utstillingen «Norsk kunsthåndverk».

Samlet besøkstallet i Oslo var 564 619, en økning på 10 % i forhold til 2012. Økningen ved Nasjonalgalleriet var hele 22%, takket være Munch-utstillingen.

### Landsdekkende program – utstillinger, formidling og kompetansebygging i Norge

Utstillingene i det landsdekkende programmet skal i hovedsak speile museets produksjoner i Oslo. I 2013 ble det gjennomført en rekke utstillinger, blant annet pionerprosjektet «Munch i koffert», der et originalverk av Munch for første gang ble sendt på turné i Norge.

Utstillingene i det landsdekkende programmet tilbys gjennom et skolenettverk (Den kulturelle skolesekken) og et gallerinettverk. Skoleutstillingene er tilpasset klasseromsformatet, mens galleriutstillingene har et større format og vises i kunstforeninger, kunstnersentre, fylkesgallerier, kulturhistoriske museer og kulturhus.

Skolenettverket hadde 51 355 besøkende i løpet av året, gallerinettverket 80 278. Samlet besøkstall i det landsdekkende programmet var 131 633, en økning på 17 % fra 2012.

### Vandretstillinger i utlandet

To utstillinger innen arkitekturfeltet ble vist utlandet i 2013, i samarbeid med og med økonomisk støtte fra Uten-

---

riksdepartementet. «Contemporary Norwegian Architecture #7» i Aten, Nikosia, Berlin og Sofia, og «Snøhetta. Architecture – Landscape – Interior» i De forente arabiske emirater.

### Innkjøp av kunst

I henhold til avtalen mellom Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst og Kulturdepartementet har museet drifts- og forvaltningsansvar for samlingene. Innsamlingsarbeid og ervervelser til samlingene er en viktig del av dette ansvaret.

I 2013 ble det kjøpt inn 122 verk til en kostnad på 11 449 425,69 mot kr 9 008 296 i 2012. Avgift betalt til Bildende Kunstneres Hjelpesfond i 2013 er kr 115 316.

Styret vil takke for de 266 verkene som er gitt museet i gave i 2013.

Medlemmer av innkjøpskomiteen i 2013 var direktør Audun Eckhoff (leder), Andrea Kroksnes (januar–juni), Eva Klerck Gange (august–september), Randi Godø (oktober–desember) og Sabrina van der Ley (samtidskunst), Nils Ohlsen og Øystein Ustvedt (eldre og moderne kunst), Nina Berre (arkitektur), Widar Halén (design og kunsthåndverk) og Thierry Ford (konservering).

### Utlån

Utlån er viktig for å presentere samlingene i Nasjonalmuseet med vekt på norsk kunst, og å markere museet som institusjon i hele Norge og i utlandet. Utlån blir innvilget ut fra vurderinger av sikkerhet, konserveringstilstand og annet.

I 2013 behandlet Nasjonalmuseet 69 lånesøknader. Det ble lånt ut 123 verk fra samlingene i museet: 76 verk til 16 utstillinger i Norge, og 47 verk til 14 utstillinger i utlandet. Det ble i løpet av året deponert 9 verk til offentlige institusjoner i Norge.

### Samlings- og bevaringsarbeid

Samlingsforvaltning omfatter aktiviteter og tiltak som sikrer at samlingene blir tatt vare på, dokumentert og tilgjengeliggjort for allmennheten, også digitalt. Nasjonalmuseets samling på totalt 332 964 verk har siden 2008 vært gjenstand for revisjon. Hovedmålet er å gjøre samlingene tilgjengelige for publikum på [digitaltmuseum.no](#) samt klargjøre dem for flytting til Vestbanen.

Også bevaringsarbeid er en sentral prioritering. Omfanget av dette arbeidet er knyttet til museets utstillings-, utlåns- og innkjøpsvirksomhet, men også forestående flytting, som blant annet vil kreve omfattende konserveringstiltak i forkant.

### Forskning og utvikling

Forskning utføres i hovedsak i forbindelse med egne utstillinger og samlingsarbeid. Resultatene formidles gjennom utstillinger og publikasjoner innen museets samlingsområder. Museets fagfolk bidrar i tillegg i andre museers utstillingskataloger og som redaktører, bidragsyttere, med fordrag, som sensorer og sakkyndige innen sine fagfelt. En rekke av museets ansatte har styreverv i ulike norske og utenlandske faglige komiteer, utvalg og organisasjoner.

Nasjonalmuseet arrangerte i 2013 tre åpne konferanser med til sammen 400 deltakere: «Edvard Munch and/in Modernism», «An Appetite for Painting» og «Japonisme».

### Nasjonalmuseets bibliotek og arkivsamling

Nasjonalmuseets bibliotek er Nordens ledende innen sitt fagområde og omfatter

171 400 trykte publikasjoner – bøker, utstillingskataloger, auksjonskataloger og tidsskrifter. Arkivsamlingene inneholder omfattende kunsthistorisk- og museologisk materiale. I tillegg til å bli benyttet av museets eget personale, blir det også besøkt av kunsthistorikere, studenter, skoleelever og forskere fra inn- og utland.

---

## Kommunikasjon

Nettstedet er museets viktigste informasjonskanal. Det gir oversikt over utstillinger og aktiviteter ved museet, og informerer om museets øvrige virksomhet. Antall brukere fra mobile enheter og nettbrett har i løpet av året steget med over 100 %. I 2013 er det igangsatt videreutvikling av nettstedet for å imøtekomme dette.

Nasjonalmuseet har styrket tilstedeværelsen i sosiale medier og har profiler på Facebook, Twitter, Instagram og YouTube. I løpet av året har museet doblet oppslutningen på Facebook. Instagram-kampanjen #minkunst ble gjennomført for å øke oppmerksomheten rundt nybygget på Vestbanen.

I samarbeid med Munch-museet ble det i tilknytning til Munch 150-jubileet opprettet et eget nettsted, tilgjengelig på åtte språk. For jubileet ble det også opprettet egne profiler i sosiale medier på Facebook, Twitter og Instagram.

På begynnelsen av året lanserte Nasjonalmuseet et nyutviklet nyhetsbrev på e-post, med en abonnentmasse på 9 000.

Bind 1 og 2 av Norsk Kunsternleksikon ble på høsten digitalt tilgjengelig gjennom en åpen data løsning og via Store norske leksikon, nkl.sn.no.

Gjennom året har alle museets utstillinger vært godt synlige i media. Utstillingene «Munch 150» og «KjARTan Slettemark. Kunsten å være kunst» fikk spesielt stor mediedekning.

## Nytt museumsbygg på vestbanetomta

Regjeringen la 22. mars 2013 fram en proposisjon for Stortinget om Nasjonalmuseets byggesak. Proposisjonen ble vedtatt i Stortinget 6. juni, like før institusjonens 10-årsdag. Museet arbeider sammen med Statsbygg, arkitekt og andre rådgivere med en videreutvikling av prosjektet, blant annet med definisjon av nødvendig brukerstyr, slik at økonomiske rammer kan fastsettes nærmere i Statsbudsjettet for 2015.

## Personal og arbeidsmiljø

Museet gjennomførte i februar 2013 en medarbeiderundersøkelse. Undersøkelsens svarprosent var høy, og viste først og fremst at medarbeiderne var trygge og følte stolthet over å jobbe i Nasjonalmuseet. Et gjennomgående forbedringsområde er konflikthåndtering. Høsten 2013 ble det derfor gjennomført fellesopplæring i konflikthåndtering for ledere, tillitsvalgte og verneombud. Arbeidsmiljøutvalget hadde fire møter i 2013. Nasjonalmuseet er en IA-bedrift og har bedriftshelsetjenesteavtale med Stamina Helse.

Sykefraværet i 2013 var på 4,7 %. Dette er en liten økning fra 2012, da fraværet lå på 4,6 %. Selv om fraværet ikke er veldig høyt, er det likevel avgjørende at lederne og museets arbeidsmiljøutvalg jobber aktivt for å forebygge sykefravær og følge opp sykmeldte medarbeidere i tråd med nasjonale standarder.

Ved utgangen av 2013 hadde Nasjonalmuseet 143 fast ansatte og 12 personer i langtidsengasjementer. I tillegg hadde museet 15 midlertidig ansatte. Omregnet til årsverk tilsvarer dette totalt 156,42 årsverk, en reduksjon på 3,2 årsverk fra 2012.

De ansatte er fordelt på 68,2 % kvinner og 31,7 % menn. I ledergruppen er det 5 kvinner og 4 menn. I seksjonsledergruppen er det 6 kvinner og 4 menn. Kvinneandel i ledelsen er dermed 58 %. Lønns gjennomsnittet innenfor forhandlingsområdet for fast ansatte var kr 473 361 for kvinner og kr 508 646 for menn.

Nasjonalmuseet har nedfelt i sin policy at det skal være likestilling mellom kjønnene. I stillingsutlysninger står det følgende: Nasjonalmuseet er opptatt av mangfold, og oppfordrer kvalifiserte kandidater til å søke uansett alder, kjønn, kulturell og etnisk bakgrunn.

Det har ikke forekommet eller blitt rapportert alvorlige arbeidsuhell eller ulykker i løpet av året.

---

## Styret

Styret har i 2013 avholdt åtte ordinære møter.

Styret består av syv medlemmer, hvorav tre er kvinner og fire er menn. Fram til årsskiftet bestod styret av tre personer oppnevnt av Kulturdepartementet: Svein Aaser (styrets leder), André Støylen og Mette Gundersen; en person oppnevnt av Stiftelsen Kunstindustrimuseet: Erik Jondell (nestleder), og en av Stiftelsen Arkitekturmuseet: Kerstin Barup. De ansattes representanter som ble valgt inn i januar 2013 er: Nina Frang Høyum og Nicholas Sullivan Hellsøgg.

André Støylen fratrådte sitt styreverv ved årsskiftet grunnet sin nye stilling som adm. dir. i Sparebankstiftelsen DNB. Styret ønsker å uttrykke en stor takk for hans innsats gjennom flere viktige år.

Nytt styremedlem utnevnt av Kulturdepartementet er Helene Jebesen Anker. Styret består derved av fire kvinner og tre menn.

## Venneforeninger tilknyttet nasjonalmuseet

Venneforeningene er Nasjonalgalleriets venneforening, stiftet i 1917, Venneforeningen for Kunstindustrimuseet i Oslo, stiftet i 1919, Museet for Samtidskunsts venneforening, stiftet i 1990 og Arkitekturmuseets venneforening, stiftet i 1994.

Venneforeningene har til sammen rundt 1 250 medlemmer.

En prosess er igangsatt for å styrke samarbeidet med de forskjellige venneforeningene, blant annet for å harmonisere og styrke fordelsprogrammene for medlemmene.

Styret takker venneforeningene for deres engasjement for å skape interesse for Nasjonalmuseet.

## Sponsorer og støttespillere

### Munch150

Styret takker for ekstraordinære bevilgninger til Munch-jubileet fra Kulturdepartementet og Oslo kommune, og for økonomiske bidrag fra Utenriksdepartementet og Sparebankstiftelsen DNB. En stor takk til våre sponsorer Statkraft, Idemitsu Petroleum Norge, OSL Gardermoen, Flytoget, Fotophone og Interface. For ytterligere å styrke jubileet ble samarbeidsavtaler inngått med Universitetet i Oslo, Mondelez (Freiasalen), Forsvaret, Nordic Stories, Seventh Art, H.M.Kristiansens Automobilbyrå AS og VisitOSLO.

### Andre sponsorer og støttespillere

Wintershall Holding GmbH takkes for godt sponsor-samarbeid. Styret retter også en stor takk til Sparebankstiftelsen DNB for samarbeidet om kunstdeponier. Innkjøpene som foretas av stiftelsen skjer i tett samarbeid med museet og gir anledning til å berike de faste samlingene med verk vi ellers ikke hadde kunnet skaffe.

Andre offentlige prosjektrelaterte tilskudd kom fra Utenriksdepartementet, Kulturrådet og Statens vegvesen.

Styret vil takke de ovennevnte samt Stiftelsen Fritt Ord, Kunsthøgskolen i Oslo, Stiftelsen Th. Fearnley, Stiftelsen Scheibler, Mondriaan Fund, Thorleif Dahls kulturbibliotek, Norges ambassader i Washington, Berlin, London, Aten, Sofia og Abu Dhabi samt den amerikanske og den belgiske ambassaden i Oslo, for deres bidrag.

## Aktivitet

Nasjonalmuseet har for fjerde år på rad gjennomført årlige aktivitetsanalyser med utgangspunkt i konstnadene fra årsoppgjøret. I den ene analysen er kostnadene fordelt på de fire kunstområdene: eldre kunst, samtidskunst, design og arkitektur. I den andre analysen er konstnadene fordelt etter de fire aktivitetsområdene: formidling, innsamling/forskning og utvikling, sikring/bevaring og ledelse.

## Økonomiske forhold

